

## Aktuell

Meditativ  
liggjemusikk

Musikken til Slagr er så meditativ at somme vil helst liggja på golvet når dei høyrer han.

Kammerfolk-trioen Slagr gjev i desse dagar ut det femte albumet sitt, *short stories*.

– Mesteparten av musikken på plata er henta frå eit tingsingsverk, som skulle vera ein freistnad på å gjera Hans Herbjørnsruds novelle «På Gamletun i Europa» om til musikk. Verket vart framført i eit samfunnshus like i nærleiken av garden til Herbjørnsrud i Heddal for nokre år sidan, fortel Anne Hytta.

– Kva handlar «På Gamletun i Europa» om?

– Om Margit som levde på Herbjørnsruds gard på 1600-talet, og som overlevde ein hundreårsflaum. Det er ei dramatisk historie, som endar som ei folkevis, som sakte forsvinn or minnet til folk.

– Det er svært meditativ musikk?

– I Slagr har me valt å reindyrka det uttrykket som me synest at me får best til. Me har arrangert ein del liggjekonsertar, der folk ligg på golvet kring oss når me spelar. Me hadde ein serie på Sagene samfunnshus, og planen er å få til fleire liggjekonsertar til hausten.

– Korleis opplever folk ein liggjekonsert?

– Fint, trur eg, men det er alltid nokon som sovnar, men me gjer det klart på førehand at det er heilt greitt. Ein slik liggjekonsert kan opplevast forfriskande, og eg har aldri sett nokon gå geispande ut døra etter ein slik konsert. Det er ikkje sosial musikk me lagar, men ein kan absolutt dela han med andre gjennom å vera stille saman. Det er musikk med eit sterkt band til naturen. Me har fleire gonger spela i kyrkjer, og det er noko av det me likar best.

– Du har skrivne all musikken?

– Ja, men nokre stykke er skrivne meir ut enn andre. Eg har berre laga nokre liner til somme verk, og så har musikken vorte skapt ut frå det.

– Kva har du lagt vekt på?

– Når det gjeld stykket som heiter «Gamletun», har eg freista å tenkja på garden til Herbjørnsrud. Der finst det eit flatt, vått og anonymt jorde nede ved elva. Eg har sett for meg ein tidleg morgon ute på jordet og freista å laga ein lyd av det. Andre gonger har eg med hjelp av hardingfela freista å finna eit lydbilete eller ei melodilîne som grip fatt i ein på eitt eller anna vis, og som eg får lyst til å utvida med den fargepaletten me har i Slagr – med den mørke saftige celloen og dei litt eteriske, lyse glasa. Amund Sjølie Sveen spelar på vibrafon og glas, medan Sigrun Eng spelar cello.

– Er det lett å laga musikk for Slagr?

– Nei, eg har laga musikk for andre band, og ein kan oppleva at det vert fint same kva ein gjer. Slik er det ikkje med Slagr. Ofte er det slik at det eg trur skal låta fint, ikkje fungerer i det heile, og det er nok av di lydbiletet er lite og sårbart. Det finst ein motstand i trio, og det er nok litt av årsaka til at me har halde på i meir enn ti år, seier Anne Hytta, som brukar hardingfela på utradisjonelt og neddempa vis.


– Plateomslaget viser Tokyobukta om natta?

– Musikken til Slagr handlar i stor grad om møtet mellom det einslege mennesket og naturen. Møtet med Tokyobukta, som skal vera det tettast folkesette område i verda, vert fort fylt av kontrastar. Når ein ser på alle lysa i natta, er det uttrykk for einsemd, men på heilt anna vis.

OTTAR FYLLINGSNES



Slagr gjev ut sitt femte album. Frå venstre: Anne Hytta, Sigrun Eng og Amund Sjølie Sveen. Foto: Geir Dokken



Framlegget til nytt regjeringskvartal frå Team Big. Glasveggene skal visst symbolisere ei demokratisk og open statsform. Illustrasjon: Big

# – Udemokratiske

«Tårn som reflekterer demokratiet», seier arkitektane om framle

## REGJERINGSKVARTALET

RONNY SPAANS  
ronny@dagogtid.no

Den norske regjeringa har sett i gang eitt av dei største byggeprosjekta i historia: det nye regjeringskvartalet.

Prosessene er i gang: Førre veke leverte seks arkitekt- og konsulentteam framlegg til løysingar. Regjeringa og Statsbygg har tenkt ambisjon og kvalitet: Internasjonale arkitektteam er inviterte, mellom andre det rotterdamske MVRDV, arkitektane bak det kontroversielle Barcode i Bjørvika.

Byrom og høgd i framlegga skal vera retningsgjevande for kva som skal byggjast i området.

Reaksjonar har kome. Ikkje berre på volumet og høgda, men òg på nytalen som arkitektane har nytta i presentasjonane: «gave til folket», «åpenhet», «demokratisk transparens» og «ikonografisk tårn som reflekterer demokratiet», heiter det.

Vi kan feie det vekk som tomprat, men så enkelt er det ikkje. Staten opererer òg med slike omgrep. Regjeringsbygget skal ha «arkitektonisk kvalitet som speiler dets symbolfunksjon og norske verdier», lyder ei av dei tretten overordna føringane i planprogrammet til prosjektet.

«Norske verdier» blir utdjupa slik: «Regjeringskvartalet skal være tuftet på holdbarhet,

nøkternhet og kvalitet.»

Samtidig skal det byggjast ein nasjonal minnestad for 22. juli i det nye regjeringskvartalet – det skal atter streka under nedervede verdier. Terror skal møtast med «mer åpenhet og demokrati».

Dag og Tid gjer som regjeringa og Statsbygg: Vi spør internasjonale arkitekturekspertar om tilhøvet mellom demokrati og arkitektur.

### «HOLDBARHET»

Fyrst ut er den gresk-australske matematikaren og arkitekturteoretikaren Nikos Salingaros, no tilsett ved universitetet i Texas – han var tidleg ute med å fremja berekraftig arkitektur. Han er ein mann som vågar å ta ord som humanisme og kjærleik i munn når arkitektur er tema.

Salingaros tek opp det faktumet at Y-blokka skal rivast, så

nytt kan byggjast. Han spør etter idealet «holdbarhet»:

– Å rive ei blokk er eit stort steg attende, både med tanke på haldbar og berekraftig utvikling. Det tener berre arkitekten og entreprenørfirmaet, og det fører til energitap. Berekraft har i det siste vist seg å vera meir avhengig av at bruk av andre faktorar.

Salingaros er kjend for å ha sagt at tidsalderen til skyskraperane er ute. Han viser til nye innsikter i byggebransjen:

– Dei seinaste åra er ein vorten meir og meir klar over at glas- og stålbygningar har ei levetid på berre 25 år. Ser eg på framlegga, ser eg bygningar med kort brukstid. Skal ein ikkje gje det nye regjeringskvartalet lengre levetid?

### «NØKTERNHET»

Vi går til neste punkt: «nøkternhet». Her passar det med litt infor-

– Dei fleste av framlegga er totalitære, ikkje demokratiske, når ein dømer dei etter storleiken deira.

Nikos Salingaros, arkitekturteoretikar ved Universitetet i Texas

